



Det private vassverket vårt i Uskedalen er igong med å endra selskapsform frå lutlag til samvirkeforetak og no skal det haldast ekstraordinært årsmøte for 2. gongs handsaming. Første handsaming var 7. november og neste vert på skulen 15. november klokka 19.30. Vedtektene skal endrast slik at dei vert i samsvar med samvirkelova. Det som skjer vil ikkje ha verknad for den einskilde parteigar.

Det er dei nye skattereglane for neste år som gjer det naudsynt med denne endringa.

Dei fører til at lutlag/partlag må betala skatt av eit eventuelt overskot. Då blir einaste løysinga landet rundt å endra selskapsformen til SA før utgangen av dette året.

Biletet over er frå Eikelva der vassinntaket skjer.

Foto: Ola Matti Mathisen